Sunnfjord kommune

Vedlegg 31 Seriøsitetsføresegn

Slåtten skule – Hus 4 - Totalentreprise

Prosjektnummer: 170567

Saknr. 26/6545



1 HMS-kort

Alle arbeidstakaren skal bære lett synleg et gyldig HMS-kort utstedt av Arbeidstilsynet. Ordrebekreftelse, søknadsskjema ol. aksepterast ikkje som HMS-kort. Arbeidstakar som ikkje har slikt HMS-kort vil bli bortvist frå bygge- og anleggsplassen. Alle avtaler leverandøren inngår for utføring av arbeid på bygge- og anleggsplassen under

2 Krav om faglærde handverkarar

Ved utførselen av kontraktarbeidet skal minimum 50 % av arbeidde timer innanfor bygg- og anleggsfageine (de fag som omfattast av utdanningsprogrammet for bygg- og anleggsteknikk) samla utførast av personar med fagbrev, sveinebrev eller dokumentert fagopplæring i henhold til nasjonal fagopplæringslovgjeving eller utanlandsk fagutdanning der dette finnes. Det skal være fagarbeidarar i alle ovannemnde fag.

Kravet kan og oppfyllast ved at arbeidde timer er utført av personar som er under systematisk opplæring og er oppmeldt etter krava i Praksiskandidatordninga, jf. opplæringslova § 23-2, eller etter tilsvarande ordning i annet EU/EØS-land. I enkeltpersonføretak utan ansatte gjelder overstånde krav for eigar.

Leverandøren skal ved oppstart, og på anmodning under gjennomføringa av kontraktarbeidet, dokumentere korleis kravet vil bli oppfylt. Ved kontraktavslutning skal det fremlegges oversikt som viser at kravet er oppfylt. Timelister skal fremlegges på anmodning.

Byggherren kan stanse arbeidet dersom det er grunn til å tro at vesentlig mislighold vil inntre. Før stansing kan iverksettes, skal byggherren skriftlig ha gjett leverandøren ein rimelig frist til å rette forholdet, med varsel om stansing om så ikkje skjer.

3 Lærlingar

Det er eit krav at leverandøren ved kontraktsstart er tilknytt ei lærlingordning, at minst ti prosent av arbeidet blir utført av lærlingar, og at minst éin av dei som deltek i arbeidet med å oppfylle kontrakta skal vere ein lærling, jf. forskrift om plikt til å stille krav om bruk av lærlingar i offentlege kontraktar.

Kravet kan oppfyllast av leverandøren eller av ein eller fleire av underleverandørane hans.

Utanlandske leverandørar kan oppfylle kravet om bruk av lærlingar ved å nytte lærlingar frå ei lærlingordning i heimlandet eller frå ei tilsvarande ordning i eit anna EU/EØS-land.

Leverandøren skal, på anmodning under gjennomføringa av kontraktarbeidet, dokumentere korleis krava blir oppfylte. Ved avslutning av kontrakta skal det leggjast fram ei oversikt over tal på timar utførte av lærlingar. Timelister skal leggjast fram på førespurnad.

Kravet gjeld ikkje dersom leverandøren kan dokumentere reelle forsøk på å inngå lærekontrakt utan å lukkast. Kravet gjeld heller ikkje dersom leverandøren har inngått lærekontrakt, men forhold som skuldast lærlingen gjer at leverandøren ikkje kan nytte vedkomande under leveransen, føreset at leverandøren kan dokumentere reelle forsøk på å inngå ny lærekontrakt utan å lukkast.

Oppdragsgjevar kan halde tilbake inntil 5 promille av kontraktssummen dersom det er grunn til å tru at mislighald vil inntreffe. Før tilbakehald kan iverksetjast, skal oppdragsgjevar skriftleg ha gitt leverandøren ein rimeleg frist til å rette forholdet, med varsel om tilbakehald dersom dette ikkje skjer. Dersom kravet ikkje er oppfylt ved avslutning av kontrakta, blir vederlaget avkorta forholdsmessig med inntil 5 promille av kontraktssummen.

Oppdragsgjevar kan heve kontrakta dersom det ligg føre vesentleg mislighald, eller det er klart at vesentleg mislighald vil inntreffe. Før heving kan iverksetjast, skal oppdragsgjevar skriftleg ha gitt leverandøren ein rimeleg frist til å rette forholdet, med varsel om heving dersom dette ikkje skjer.

4 Rapporteringsplikt til Oppdrags- og arbeidsforholdregisteret (OAR)

Kontrakt gjett til utanlandsk leverandør eller underleverandør, og alle arbeidstakarar på slik kontrakt, skal rapporterast til Skatteetaten i henhold til lov om skatteforvaltning § 7-6.

Leverandøren er ansvarleg for at slik rapportering skjer nedover i kontraktkjeden. Leverandøren skal på forespørsel dokumentere at rapporteringsplikta er oppfylt ved kopi av innmeldingsskjema eller kvittering frå Altinn.

Eventuelt ansvar for overtredelsesgebyr eller tvangsmulkt ilagt byggherren som følge av at leverandøren ikkje har overholdt sine forpliktelser etter dette punktet er leverandørens ansvar og skal betales av ham.

Alle avtaler leverandøren inngår for utføring av arbeid under denne kontrakta med leverandører som omfattes av lov om skatteforvaltning § 7-6, skal inneholde tilsvarande bestemmingar.

5 Internkontroll. Sikkerheit, helse og arbeidsmiljø (SHA)

Leverandøren skal følgje den til ei kvar tid gjeldande arbeidsmiljølova med tilhøyrande forskrifter, byggherren sin SHA-plan og byggherren eller koordinatoren sine pålegg. Leverandøren pliktar å ha eit internkontrollsystem i samsvar med forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerheitsarbeid i verksemder. Relevante delar av byggherren sin SHA-plan skal innarbeidast i, og følgjast opp gjennom, leverandøren sitt internkontrollsystem.

Innarbeiding skal gjerast slik at SHA-planen sine føresegner kan identifiserast. Med mindre anna er avtalt, skal all kommunikasjon mellom nøkkelpersonar i prosjektet føregå på norsk. Leverandøren skal sørgje for at eigne arbeidstakarar og arbeidstakarar hos eventuelle underleverandørar kan kommunisere på ein slik måte at manglande kommunikasjon ikkje inneber ein tryggleiksrisiko. For å unngå ulykker fordi ikkje alle forstår informasjonen som blir gitt, gjeld følgjande:

- Minst éin av det utførande personellet på kvart arbeidslag skal kunne forstå og gjere seg forstått på norsk eller engelsk. Dersom fleire utfører oppdrag saman, skal vedkommande i tillegg forstå og gjere seg forstått på eit språk som alle dei andre på arbeidslaget forstår og kan gjere seg forstått på.

- Alle på byggjeplassen skal forstå SHA-plan, sikkerheitsopplæring, HMS-rutinar, verneprotokollar, sikkerheitsinstruksar, SJA, tryggleiksdatablad, bruksrettleiingar for verktøy og arbeidsutstyr, varselskilt m.m. Materialet skal liggje føre på det språket den aktuelle arbeidstakaren bruker som morsmål, dersom arbeidstakaren ikkje fullt ut forstår informasjonen på norsk eller engelsk.

Ved overhengande fare for liv eller helse kan byggherren, umiddelbart og utan førehandsvarsel, stanse aktivitetar som er knytte til faresituasjonen. Ved andre brot skal byggherren, før stansing kan gjennomførast, skriftleg ha gitt leverandøren ein rimeleg frist til å rette forholdet, med varsel om stansing dersom dette ikkje skjer.

Byggherren kan heve kontrakten dersom det ligg føre vesentleg mislighald, eller dersom det er klart at vesentleg mislighald vil inntreffe. Før heving kan gjennomførast, skal byggherren skriftleg ha gitt leverandøren ein rimeleg frist til å rette forholdet, med varsel om heving dersom dette ikkje skjer.

Dersom slikt mislighald består i gjentekne brot på pliktene, kan byggherren heve sjølv om leverandøren rettar forholda. Byggherren kan på same måte krevje at leverandøren skiftar ut underleverandørar. Dette skal skje utan omkostningar for byggherren.

Alle avtaler leverandøren inngår for utføring av arbeid under denne kontrakten på bygge- og anleggsplassen skal innehalde tilsvarande føresegner.

6 Krav til lønns- og arbeidsvilkår

Leverandøren er ansvarleg for at eigne tilsette og tilsette hos underleverandørar (inkludert innleigde) som direkte medverkar i kontrakten, har lønns- og arbeidsvilkår i samsvar med:

- Forskrift om allmenngjort tariffavtale der denne kjem til bruk.
- Forskrift om lønns- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar av 8. februar 2008 der denne kjem til bruk. På område som ikkje er dekte av forskrift om allmenngjort tariffavtale, skal lønns- og arbeidsvilkåra vere i samsvar med landsomfattande tariffavtale for den aktuelle bransjen. Med lønns- og arbeidsvilkår blir det meint reglar om minste arbeidstid, lønn, inkludert overtidstillegg, skift- og turnustillegg og ulempetillegg, samt dekning av utgifter til reise, kost og losji, i den grad slike reglar følgjer av tariffavtalen.

Leverandøren pliktar, på skriftleg førespurnad og innan ein rimeleg frist, å dokumentere lønns- og arbeidsvilkåra for eigne arbeidstakarar og arbeidstakarar hos eventuelle underleverandørar (inkludert innleigde). Dette gjeld berre for arbeidstakarar som direkte medverkar i kontrakten. Opplysningane skal dokumenterast med blant anna kopi av arbeidsavtale, lønnsslipp, timelister og arbeidsgjevar si bankutskrift. Dokumentasjonen skal vere på personnivå, og det skal gå fram kven ho gjeld.

Ved brot på krava til lønns- og arbeidsvilkår skal leverandøren utan ugrunna opphald rette forholdet. Der brotet har skjedd hos ein underleverandør (inkludert bemanningsselskap), er rettingsplikta avgrensa til krav som er fremja skriftleg innan tre månader etter forfallsdato for lønna, både for krav som følgjer av allmenngjort tariffavtale og landsomfattande tariffavtale. Dei vilkåra og avgrensingane som følgjer av lov om allmenngjering av tariffavtalar m.m. av 4. juni 1993 § 13 skal gjelde i begge desse tilfella.

Byggherren kan halde tilbake eit beløp tilsvarande om lag to gonger innsparingane for leverandøren dersom det ligg føre mishald av dokumentasjonsplikta eller av krava til lønns- og arbeidsvilkår. Før tilbakehald kan setjast i verk, skal byggherren skriftleg ha gitt leverandøren ein rimeleg frist til å rette forholdet, med varsel om tilbakehald dersom dette ikkje skjer. Dersom mishaldet ikkje blir retta innan fristen, blir vederlaget avkorta tilsvarande.

Byggherren kan skriftleg heve kontrakten ved vesentleg mishald av dokumentasjonsplikta eller av krava til lønns- og arbeidsvilkår hos leverandøren, sjølv om leverandøren rettar forholda. Dersom det vesentlege mishaldet har skjedd hos ein underleverandør (inkludert bemanningsselskap), kan byggherren på same måte krevje at leverandøren byter ut underleverandøren. Dette skal skje utan kostnader for byggherren.

Alle avtaler leverandøren inngår for utføring av arbeid under denne kontrakten skal innehalde tilsvarande reglar.

7 Bruk av underleverandører, herunder innleid arbeidskraft fra bemanningsføretak

Leverandøren kan ikkje ha fleire enn to ledd underentreprenørar i kjeda under seg, jf. anskaffingsforskrifta § 8-13.

Innleige frå bemanningsføretak til bygningsarbeid på byggeplassar i Oslo, Akershus, Østfold, Buskerud og Vestfold er ikkje tillate etter § 4 i forskrift om innleige frå bemanningsføretak. I andre tilfelle er innleige berre tillate i same utstrekning som det kan avtalast mellombels tilsetjing etter arbeidsmiljølova § 14-9 andre ledd bokstav b til e. I verksemder med tariffavtale kan det gjerast skriftleg avtale med dei tillitsvalde etter hovudavtala om tidsavgrensa innleige, jf. arbeidsmiljølova § 14-12.

Byggherren kan stanse eller heve kontrakten dersom det ligg føre vesentleg mislighald, eller dersom det er klart at vesentleg mislighald vil inntreffe. Før stansing eller heving kan gjennomførast, skal byggherren skriftleg gi leverandøren ein rimeleg frist til å rette forholdet, med varsel om stansing eller heving dersom forholdet ikkje blir retta.

Leverandøren si bruk av enkeltpersonføretak skal grunngjevast skriftleg. Bruk av bemanningsføretak skal varslast til byggherren og er underlagt arbeidsmiljølova, inkludert kravet om likebehandling i § 14-12 a. Byggherren kan berre nekte slik bruk dersom han har sakleg grunn.

Ved inngåing av kontraktar om underentreprise med ein verdi som overstig kr 500 000 ekskl. mva., skal leverandøren innhente skatteattest, jf. forskrift om offentlege anskaffingar. Frå underentreprenørar med forretningsadresse i andre EØS-land enn Noreg, skal det innhentast tilsvarande attest. Leverandøren skal på førespurnad frå byggherren leggje fram skatteattesten.

Dersom attesten ikkje blir lagt fram, eller dersom ho viser restansar som ikkje er uvesentlege, kan byggherren krevje at underentreprenøren blir skifta ut utan kostnader for byggherren dersom forholdet ikkje blir retta innan ein rimeleg frist fastsett i skriftleg varsel, med varsel om utskifting dersom retting ikkje skjer.

8 Krav om betaling til bank mv.

Løn og anna godtgjersle til leverandøren sine eigne tilsette, tilsette hos underleverandørar og innleigde som direkte medverkar til å oppfylle kontrakten, skal utbetalast via bank eller anna føretak med rett til å drive betalingsformidling.

Leverandøren pliktar på skriftleg førespurnad med ein rimeleg frist å dokumentere oppfyllinga av kravet, mellom anna ved kopi av bankutskrift frå leverandøren som viser at løn og anna godtgjersle er utbetalt til arbeidstakarane sin konto. Dokumentasjonen skal vere på personnivå, og det skal gå fram kven ho gjeld. Ved

brot på kravet om betaling via bank mv. skal leverandøren sørgje for retting ved at kontantbetaling straks opphøyrer.

Byggjaren har rett til å halde tilbake eit beløp tilsvarande om lag to gonger det beløpet som er utbetalt kontant i strid med kontrakten sine føresegner. Før tilbakehald kan setjast i verk, skal byggjaren skriftleg ha gitt leverandøren ein rimeleg frist til å rette forholdet, med varsel om tilbakehald dersom dette ikkje skjer. Retten til tilbakehald fell bort så snart retting etter førre ledd er dokumentert. Dersom kravet ikkje er retta før overtaking, skal vederlaget avkortast tilsvarande.

Vesentleg mishald av kravet om betaling av løn og anna godtgjersle via bank mv., inkludert dokumentasjonsplikta, kan påberopast av byggjaren som grunnlag for heving, sjølv om leverandøren rettar forholdet. Dersom brotet har skjedd i underleverandørleddet (mellom anna bemanningsselskap), kan byggjaren krevje at leverandøren byter ut underleverandørar. Dette skal skje utan kostnader for byggjaren.

Alle avtaler som leverandøren inngår for utføring av arbeid under denne kontrakten, skal innehalde tilsvarande føresegner.

9 Obligatorisk tenestepensjon (OTP)

Leverandøren er ansvarleg for at eigne tilsette og tilsette hos underleverandørar (herunder innleigde) som direkte medverkar til å oppfylle kontrakten, har obligatorisk tenestepensjon i samsvar med lov om obligatorisk tenestepensjon.

Leverandøren pliktar på skriftleg førespurnad, med ein rimeleg frist, å dokumentere at alle arbeidarar som medverkar til å oppfylle kontrakten og som fell inn under ei obligatorisk tenestepensjonsordning, er innmelde i ei slik ordning.

Dokumentasjonen kan inkludere kopi av signert avtale med pensjonsinnretning som viser at leverandøren og/eller underleverandøren har inngått gyldig avtale om OTP-ordning, samt dokumentasjon, til dømes i form av faktura mv., som viser at arbeidstakarar som direkte medverkar til å oppfylle kontrakten er innmelde i OTP-ordninga.

Ved brot på kravet til obligatorisk tenestepensjon skal leverandøren rette forholdet.

Byggherren har rett til å halde tilbake eit beløp tilsvarande om lag to gonger innsparing for arbeidsgivar inntil brotet på kravet til obligatorisk tenestepensjon er dokumentert retta.

Før tilbakehald kan iverksetjast, skal byggherren skriftleg ha gitt leverandøren ein rimeleg frist til å rette forholdet, med varsel om tilbakehald dersom dette ikkje skjer. Dersom kravet ikkje er retta innan overtaking, blir vederlaget avkorta tilsvarande.

Vesentleg mishald av kravet til obligatorisk tenestepensjon, herunder dokumentasjonsplikta hos leverandøren, kan påberopast av byggherren som grunnlag for heving, sjølv om leverandøren rettar forholdet. Dersom brotet har skjedd i underleverandørleddet (herunder bemanningsselskap), kan byggherren krevje at leverandøren byter ut underleverandør. Dette skal skje utan kostnader for byggherren.

Alle avtalar leverandøren inngår for utføring av arbeid under denne kontrakten skal innehalde tilsvarande føresegner.

10 Mislighald av kontraktsforpliktingar - konsekvensar for seinare konkurransar

Brudd på pliktene i denne kontrakten vil bli registrerte og kan få betydning i seinare konkurransar, anten i kvalifikasjons- eller tildelingsvurderinga, i samsvar med regelverket for offentlege anskaffingar. Alle avtalar leverandøren inngår for utføring av arbeid under denne kontrakten, skal innehalde tilsvarande føresegner.

11 Revisjon

Byggherren, eller ein ekstern revisor engasjert av byggherren, kan gjennomføre revisjon hos leverandøren og eventuelle underleverandørar i perioden frå kontraktsinngåing til sluttfaktura er betalt, for å undersøkje om kontraktens krav blir oppfylte. Denne retten omfattar òg kontraktar og dokumentasjon i underliggjande ledd. Alle avtalar som leverandøren inngår for utføring av arbeid under denne kontrakten, skal innehalde tilsvarande føresegner.

12 Åpenheitslova

Dersom underleverandøren er omfatta av åpenheitslova, pliktar underleverandøren å gjennomføre aktsomheitsvurderingar og gjere greie for desse på sin eigen nettstad. På førespurnad skal underleverandøren gje leverandøren tilgang til sjølve aktsomheitsvurderingane.

Dersom underleverandøren ikkje er omfatta av åpenheitslova, pliktar underleverandøren, på førespurnad frå leverandøren, å levere informasjon om varekjøp og leverandørkjeder.